

# ÅRSMELDING

## SUNNFJORD IDRETSRÅD

### 2024

#### STYRET:

- Jan Herstad, leiar (Naustdal)
- Arthur Norevik, nestleiar (Førde IL)
- Bjørn Anders Steinsund, styremedlem (Jølster)
- Sissel Sande, ny styremedlem (Førde)
- Siss-May Edvardsen, styremedlem (Naustdal)
- Ole Morten Vassdal, styremedlem (Gaular)
- Berit Tefre, styremedlem (Førde IL)
- Agnar Bøyum, varamedlem (Jølster)
- Hilde Lauritsen, ny varamedlem (Førde)

#### VALNEMND:

- Leiar Tor Starheim (Førde)
- Medlem Siv Mari Sunde (Jølster)
- Medlem John Søgnen, (Gaular)
- Medlem Jan Magne Åsnes, (Naustdal)
- Vara Kirstin Bruland, varamedlem, ( Friskis & Svettis)

#### KONTROLLUTVAL

Leiar: Oddvar Huseklepp,  
Medlem: Anne Oline Gullaksen,  
Medlem: Svein Inge Midtun,  
Vara: John Hjelkrem,

#### KONTAKTGRUPPER:

##### Hafstadparken, samarbeidsnemnda:

- Arthur Norevik

##### 17.mai-komiteen:

- Sissel Viddal Laache
- Vara: Odd Hagen

## **SAMARBEID:**

Sunnfjord idrettsråd vart skipa 28.oktober 2019. Førde idrettsråd vart avvikla på årsmøtet for 2019, og midlane frå Førde idrettsråd vart overført til Sunnfjord idrettsråd.

Sunnfjord idrettsrådet har samarbeidsavtale med Sunnfjord kommune som ligg til grunn for arbeidet. Kommunen har oppretta link på heimesida med informasjon om idrettsrådet. Slik at idrettsrådet blir meir synlege for medlemmar og innbyggjarar generelt.

<https://www.sunnfjord.kommune.no/tenester/kultur-idrett-og-friluftsliv/fagrad-for-idrett-og-kultur/>

## **MØTER / TILSTELLINGAR / SAKER:**

Årsmøte for 2023 var i FIL-huset 22. april 2024. I 2024 har vore halde 5 styremøter. På styremøte i juni hadde vi synfaring i Øyrane Arena. I september hadde idrettsrådet styremøte og synfaring på det nye skiskyttaranlegget på Langeland skisenter. Kjetil Bjørset orienterte om anlegget og Langeland skisenter. Håvard Melle og Elisabet Bøe frå Førde il, symjegruppa orienterte om Satsing Sunnfjord. Saka er no løfta opp på politisk og administrativt nivå i kommunen.

Kommunen ved Anne-Grete N. Rognsøy deltek fast på styremøta. Anita Nordheim deltek etter behov. Det har vore diverse møter med kommunen, idrettskretsen, NIF og andre interessegrupper.

Sakene har vore: uttale plan for Kultur, frivilligheit og inkludering, handsama økonomiplanen 25-34. Retningslinjer for tilskotsmidlar til lag og organisasjoner. Retningslinjer tildeling av fast treningstid i idrettshallane. Uttale i november til kommunestyre om detaljregulering, Bru over Jølstra. Der idrettsrådet støtta alt. 10. dvs kommunedirektøren si tilråding.

På kretsting i VIK i Bergen 13/4 møtte Arthur Norevik, Berit Tefre og Siss-May Edvardsen. På nasjonal idrettsråd og anleggskonferanse på Gardermoen 19-20/10. møtte Arthur Norevik. Her møtte også Anne-Grete N. Rognsøy og Inge Larsen frå kommunen.

I januar 2024 kåra IR Ragnar Holme til årets idrettsprestasjon i Sunnfjord. I januar 25 blei Gjøran Tefre kåra til årets idrettsprestasjon. Arrangør Sunnfjord Galla.

## **MEDLEMSTAL: 2023.**

Sunnfjord idrettsråd har 26 medlemslag og 6390 medlemer. Av desse er 2686 kvinner, 1453 stk i alder 0-19 år og 3704 menn, 1722 stk i alder 0-19 år. Medlemstala finn ein på lags- og aktivitetsoversikten i Sportsadmin til Norgesidrettsforbund.

<https://www.idrettsforbundet.no/digital/sportsadmin/> I 2024 blei Sunnfjord Amerikanske idrettslag medlem i NIF og dermed også i Sunnfjord idrettsråd.

## **MOTTEKNE MIDLAR:**

Styret har i 2024 fordelt kulturmidlar/driftsmidlar frå kommunen til idrettslaga med kr 615.000,-. Minstesats er kr 500, fordelt med 1/3 etter medlemstall 6-12år og 2/3 etter medlemstall 13-19år. Av dette kr 15.000,- til idrettsrådet.

Ordinære LAM-midlar med kr 2.237.240,-. Av dette kr 15.000,- til idrettsrådet.

Ekstramidlar vår på kr 202,913,-. Ekstra innsats haust 303.703,-. Fordelinga er gjort etter medlemsregisteret i Sportsadmin. Minstebeløpet er kr 1000, 1/3 etter medlemstall 6-12 år og 2/3 etter medlemstall 13-19 år. Som er forenkla matematisk modell.

Totalt er det fordelt ut til idrettslaga kr 3.328.856,-.

## **ANLEGG:**

Strategisk viktige anlegg er Symjeanlegget i Førdehuset, Fotballhall i Hafstadparken, og Førde Arena. Idrettsrådet har tidlegare meldt inn desse anlegga til Idrettskretsen si kartlegging av slike anlegg. I februar 25 har kommunen saman med idrettsrådet sendt inn på nytt til fylkeskommunen og NIF. Langeland skisenter burde også kunne definerast som eit strategisk viktig anlegg.

Kommunen planlegg bygging av ny symjehall i Førdehuset. Fram til ferdigstilling av bruva står uteområdet ved Førdehuset på vent, og det er hemmende for vidare utvikling. Det er viktig at kommunen i arealplanlegginga set av nok areal rundt Førdehuset til framtidig utvikling i eit langsiktig perspektiv.

For søknadsåret 2025 er det inne søknader om spelemidlar for 23 ordinære anlegg, samla søknadssum kr 28.010.000,- og 9 nærmiljøanlegg til samla søknadssum kr 1.800.000,-.

## **OPPGÅVER FRAMOVER:**

Styret meiner at samarbeidet med kommunen funger svært godt og at dette er viktig for både idretten og kommunen å halde på. Utan eige sekretariat i idrettsrådet er eit godt samspel med kommunen avgjerande for at idrettsrådet skal kunne utøve den rolla vi er sett til å gjere. Som blir regulert gjennom samarbeidsavtala og NIF sine retningslinjer for idrettsråda.

Nøkkelpersonane i samarbeidet med kommunen er einingsleiar for idrett og friluftsliv og kommunalsjef for kultur og idrett. Kommunedirektøren og ordførar er og viktige kontaktpunkt for idrettsrådet.

Det bør lagast ein strategi for realisering av dei strategisk viktige anlegga. VM i vektløfting 2025 blir den store oppgåva i 2025. Samt å auke innsatsen for reablitering av anlegg som treng fornying pga miljøkrav og stor slitasje.

VM 2025 i vektløfting blir det største idrettsarrangementet i Sunnfjord nokon gong. Det er viktig at både idrett, kommune og næringsliv aktivt støttar opp om arrangementet.

Leiar i idrettsrådet sit i styret for VM 2025. På årsmøtet 2024 blei det stilt spørsmål ved om leiar i idrettsrådet samtidig kan vere styremedlem i VM 2025. Spørsmålet er svara ut av Vestland idrettskrets. Dei finn ikkje at noko er til hinder for dette.

Idrettsrådet for Sunnfjord kommune ynskjer å vere involvert i utfordingane med drift av anlegga i Sunnfjord kommune. Vi ynskjer å få oversikt over kva eigarskap dei ulike anlegga har, dagens driftskostnad og framtidige kostnader som er for dei ulike anlegg.

Utdanning av trenrar og leiarar er også noko vi vil oppmøde våre medlemmar om å prioritere framover. I det ligg også at idretten skal vere ein møteplass der barn og ungdom under leiing av vaksne skal ha full tryggheit for å ikkje bli utsett for uønska handlingar i eit dopingfritt treningsmiljø.

## **ØKONOMI:**

Arbeidet i Idrettsrådet er basert på dugnadsprinsippet, og har svært låge kostnader. Her viser vi til vedlagt rekneskap. Kommunen yter kvart år kr 15.000,- i tilskot. Frå LAM er tilskotet kr 15000,-. Inntekta er kr 30113,-. og utgiftene kr 19621,60,- og overskot kr 10491,40,-. Saldo i bank 31.12.24 er kr 84.973,77,-. Med auka kostnader på reiser og opphold vil kostnadane med å møte på ordinære opplegg innan idretten auke dei kommande åra. Frå 2024 har NIF opna opp for at inntil 5% av LAM-midlane kan avsetjast til drift av idrettsrådet under føresetnad av at kommunen yter tilsvarende i tilskot. I eiga sak vedtok årsmøtet imot fire stemmer at inntil 5% av dei ordinære LAM-midlane kan avsetjast til drift av idrettsrådet, avgrensa til same beløp som kommunen yter i tilskot.

Naustdal, 19.03.2025.

Jan Herstad  
-leiar-

Arthur Norevik  
-nestleiar-

Siss-May Edvardsen

Bjørn Anders Steinsund

Sissel Sande

Berit Tefre

Ole Morten Vassdal